

HØYRING AV FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I STADNAMNLOVA

Kva er bra og kva er uheldig med framlegget?

BRA:

- Blant hovudframlegga til lovendringa er det verdt å trekke fram som positivt at definisjonar, struktur og språk er gjort enklare og meir forståeleg.
- Det er bra at *gardsnamna* framleis blir verna, ved at desse namna skal handsamast som i gjeldande stadnamnlov. Det vil seie at skrivemåten på gardsnamn, brukt i offentleg samanheng, framleis skal vera eit offentleg ansvar. Det er også bra at namn på t.d. skular, bruer, vegar osb. som er avleidde av gardsnamn blir handsama som før. (frå sidene 3 og 4 i høyringsnotatet)

UHELDIG:

- At ”*Namn på gardsbruk eller eigedom under eit gardsnummer skal få den skrivemåten grunneigaren eller festaren ynskjer, så lenge han kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk.* I tillegg skal skrivemåten av bruksnamnet ”*kunne vedtakast utan lokal høyring.*” (sidene 3 og 4) Det vil seie at grunneigaren eller festaren har det avgjerande ordet i alle namnesaker som gjeld bruksnamn. Det er mange grunnar til at dette er uheldig. (Nokre grunnar er lista opp i punkta 1-7.)

Gardsnamn og bruksnamn er eldgamle kulturminne

Mange av dei norske gardsnamna har ei lang historie. Dei kan vera opptil to tusen år gamle. I mellomalderen vart mange gardar delt i mindre bruk. Bruksnamna er altså namn på fråskilde delar av ein eldre gard. Sidan bruksnamna kan vera fleire hundre år gamle, ber også desse namna på ei kulturhistorie som er verdt å verne om. Gjeldande stadnamnlov sørgjer for at stadnamna våre, inkludert dei gamle bruksnamna, får dette nødvendige vernet. Det betyr at skrivemåtar som kan forvanske eller tilsløre meiningsinnhaldet ikkje skal tillatast.

Viktig skilnad mellom gardsnamn / bruksnamn og slektsnamn

Kvifor er ein del grunneigarar så opptekne av sjølve å kunne bestemme skrivemåten på bruksnamnet? Det har nok samanheng med at svært mange grunneigarar har eit slektsnamn som skriv seg frå eit gardsnamn/bruksnamn. Men vi lyt dra eit viktig skilje mellom historiske gardsnamn/bruksnamn og slektsnamn som er av nyare dato. Slektsnamna vart ikkje tekne i bruk av folk flest før sist på 1800- / fyrst på 1900-talet. Det var fyrst i 1923 at vi fekk eit lovfesta krav om at alle måtte ha slektsnamn. Slektsnamna er private, og blir regulerte av den liberale *Lov om personnamn*. Innafor temmeleg vide grenser kan enkeltpersonar bestemme korleis dei vil skrive sitt eige slektsnamn. Men heilt sidan tidleg på 1800-talet har offentlege organ fastsett reglar for korleis gardsnamn og bruksnamn skal skrivast. Sidan slektsnamn med opphav i gardsnamn/bruksnamn ikkje har blitt offentleg regulerte, har vi fått det skiljet vi ser i dag mellom skrivemåten av gardsnamnet/bruksnamnet og det tilsvarande slektsnamnet. Det er uheldig dersom skrivemåten av dei relativt unge slektsnamna skal bestemme skrivemåten på dei mange hundre år gamle bruksnamna. Stadnamn og etternamn tilhøyrer to forskjellige lovgevingsområde.

1. **Namna på gardsbruka er felleseige i lokalsamfunnet.** At ein grunneigar sit med eigedomsretten til jorda si, er sjølvsagt. Eigedomsretten ligg nedfelt i sjølve omgrepet ”grunneigar”. Men grunneigaren kan ikkje hevde å eige *namnet* på bruket. Namna blir jo brukt vel så mykje av dei andre som bor i lokalsamfunnet, og dermed må vi alle kunne

seie at vi eig stadnamna. Da er det berre rett og riktig at storsamfunnet bestemmer korleis desse namna skal skrivast. Det vil vera eit stort tilbakesteg å dra bruksnamna ut i privatsfæren.

2. **Tilfeldige skrivemåtar frå 1600-1800-talet kan bli offentlege skrivemåtar i framtida.** Eigaren/festaren skal (ifølgje prikkpunkt 2 side 3) kunne ”dokumentere at skrivemåten har vore i offentlig bruk.” Men ”det skal ikkje stillast strenge krav til dokumentasjon.” Ein må forstå dette slik at alle slags dokument som er skrivne av prestar, lensmenn, futar osb. kan brukast som grunnlag når grunneigar/festar no skal bestemme skrivemåten på bruket. Dermed blir dokument frå 1600-, 1700-og 1800-talet retningsgjevande for skrivemåten i framtida. Sidan skrivarane sjeldan var lokalkjende, skreiv dei det dei trudde dei høyrde, og dermed var det fleire skrivemåtar som kom til å tilsløre og forvanske meiningsinnhaldet. T.d. vart Klæbu skrive *Klædeboderne*. Det vil vera uhøyrte om slike tilfeldige skrivemåtar skal bli godkjende skrivemåtar i framtida.
3. **Skrivemåtane kjem ikkje til å vera i tråd med gjeldande rettskriving.** (side 4 i høyringsnotatet) I moderne norsk markerer vi ikkje lang vokal med dobbel vokal, eller med ein stum e i tillegg. Men sidan dette var vanleg tidlegare, vil det bli fullt lovleg å skrive t.d. Viik eller Vieik i staden for Vik. Samstundes vil dei unorske bokstavane c, q, w, x og z kome til syne i offentlegheita, fordi desse bokstavane vart flittig brukt i dokument frå 1600, 1700 og 1800-talet.
4. **Omgrepsforvirring**
Sjølv om omgrepet bruksnamn har fått ei tydelegare forklaring i høyringsnotatet, vil det kunne oppstå **vanskar med å skilje bruksnamn og gardsnamn** frå kvarandre. Utviklinga kan ha gjort eit bruk meir sentralt enn den opphavlege namnegarden, og eit utskiftbart bruksnamn kan dermed fortrenge namnegardsnamnet og den kulturhistoria som dette representerer.
5. **Skrivemåten av stadnamn er viktigare no enn før**
I dagens samfunn har skriftbildet større prestisje og større gjennomslag enn nedarva uttale. Stor mobilitet i samfunnet gjer at stadig færre kjenner og bruker stadnamna slik dei har vore overførte munnleg. Uttalen av mange bruksnamn og andre stadnamn blir drastisk endra når namneformer med utgangspunkt i skrivemåtar på 16-1800-talet fortrenger dei opphavlege namna. Dermed står vi i fare for å miste ein del av den eldste kulturarven vår.
6. **Mange ulike skrivemåtar av eitt og same namn på eit mindre geografisk område vil skape forvirring.** T.d. Vik, Viik, Wik, Wiik, Wig, Wiig, Wiigshagen, Vigsbakken osb. Sjå vedlegget med kart over Vik.
Det må vera eit viktig mål med regelverket å få mest mogleg konsekvent og føreseieleg skrivemåte av same stadnamn på same stad, i både like og ulike funksjonar. Dette er særskild viktig i samband med adressering, bruk av GPS og web-applikasjonar. Utrykkingskøyrety skal ikkje måtte kaste bort tida på å leite seg fram til den aktuelle staden pga. manglande stabil skrivemåte av stadnamnet.
7. **Statsstatikken viser** (side 7 i høyringsnotatet) at det er svært få av vedtakssakene etter stadnamnlova som skaper konflikt. Nettopp derfor er det grunn til å spørje kvifor lova skal endrast for å kome dette mindretalet i møte?

Til no har regelen i stadnamnlova vore at eit bruksnamn som er identisk med namnet til garden bruket ligg under, skal skrivast som gardsnamnet det er utleidd av. Vi ber innstendig om at denne viktige regelen blir vidareført i ei eventuell revidering av stadnamnlova.

Tynset 01.09.2014

Tor SørDAL Bue
Alvdal Tynset mållag